



DET KONGELEGE
FORSVARSDEPARTEMENT

Prop. 75 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Investeringar i Forsvaret og andre saker

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 1. april 2022,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

Føremålet med denne proposisjonen er å be om Stortinget si godkjenning til å starte opp to nye investeringsprosjekt, endre omfanget på to investeringsprosjekt, og å informere Stortinget om to saker.

Utgangspunktet for godkjenning av investeringsprosjekta i Forsvaret er dei årlege budsjettproposisjonane (Prop. 1 S). Denne proposisjonen fyller såleis ut budsjettproposisjonen.

Investeringsprosjekta som proposisjonen omtalar er alle i samsvar med inneverande langtidspan for forsvarssektoren (Prop. 14 S (2020–2021)). Rammene i denne proposisjonen er alle i 2022-kroner, og valutakursar er pr. 15. desember 2021.

Proposisjonen har følgjande innhald:

- Godkjenning av kostnadsramme for to nye eige- doms-, bygge- og anleggsprosjekt: eige- dom, bygg og anlegg for materiell på Porsangmoen, og infrastruktur på Værnes.
- Godkjenning av omfangsendring av to pågå- ande materiellprosjekt: artillerilokalisering- radar, og artillerisystem 155 mm.
- Informasjonssak om beredskap for sikring av oppsetjingsstadene til Heimevernet (HV).
- Informasjonssak om NH90 og mogleg innleige av helikopter.

2 Nye eige- doms-, bygge- og anleggsprosjekt for godkjenning

2.1 Porsangmoen – eige- dom, bygg og anlegg for materiell

Stortinget vedtok gjennom handsaminga av Innst. 50 S (2017–2018) til Prop. 2 S (2017–2018) å etablere ein fullt oppsett kavaleribataljon på Porsangmoen, og å samle Hæren og Heimevernet sine avdelingar i Finnmark under ei sams leing. For å følgje opp vedtaket skal det investerast mykje på Porsangmoen. Det er utarbeidd ein studie av moglege alternative løysingar for bygg, anlegg og infrastruktur ved garnisonen. Basert på studien er det laga ei oversikt over planlagt inndeling av dei tiltaka som det er naudsynt å gjennomføre. Nokre av prosjekta er så store at dei må til Stortinget for avgjerd om gjennomføring, medan Forsvarsdepartementet vil setje i gang andre mindre prosjekt innanfor eiga fullmakt. Ved Stortinget si handsaming av Innst. 496 S (2020–2021) til Prop. 123 S (2020–2021) vart prosjektet for bustadar og forlegningar på Porsangmoen sett i gong. I denne proposisjonen vert det lagt fram eit prosjekt for eige- dom, bygg og anlegg for mate- riell på Porsangmoen.

Prosjektet er naudsynt for å få nok garasjar, kunne gjennomføre opplæring og kunne halde ved like materiellet til Kavaleribataljonen på Porsangmoen. Forsvaret har vurdert ulike løysingar, og har gitt si tilråding.

Det er planlagt å byggje to fleirbrukshallar som vil vera varme garasjar med areal for undervisning, troppslager og bur for lagring av personlege klede og utrustning. Løysinga vil vera fleksibel, og bygga kan i framtida tilpassast det som er naudsynt for materiellet og køyretøya til Kavaleribataljonen. I prosjektet skal det og etablerast eit frittstående kontorbygg med kontorplassar med fleksible løysingar for Kavaleribataljonen sitt troppsbefal og med rom for undervisning av soldatane. Vidare er det planlagt eit returpunkt med miljøstasjon og vaskehall med grovspyleanlegg. I Porsanger tekniske verkstad vil ein setja inn ein ny løftebukk i eit av garasjeløpa, slik at ein kan gjere vedlikehald på tungt materiell. Alle tiltaka er planlagt å vera ferdige i 2025.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet er 363 mill. kroner medrekna meirverdiavgift, gjennomføringskostnadar og ei avsetjing for uvisse. Prosjektet si styringsramme vert sett til 302 mill. kroner medrekna meirverdiavgift og kostnader til gjennomføring. Alle utgifter vert knytt til budsjettkapittel 1710, post 47.

2.2 Værnes – Infrastruktur

Gjeldande langtidsplan for forsvarssektoren viser at aktiviteten på Værnes vil få ein vesentleg auke. Skulesenteret til Luftforsvaret held fram etableringa si, og Heimevernet ved Trøndelag heimevernsdistrikt (HV-12) vert vidareført med sitt standkvarter og tilhøyrande underavdelingar. Personell frå Forsvarets logistikkorganisasjon, Cyberforsvaret og Forsvarsbygg flyttar frå sine lokasjonar og inn i det nye forsyningsbygget på Værnes. I tillegg er United States Marine Corps (USMC) periodevis på Værnes i samband med trening og øving, samt at politiet er leigetakar for å kunne drive øving.

Infrastrukturen i Værnes garnison har nådd teknisk levealder og anlegget er utdatert i høve til dagens tekniske krav og løysingar. Anlegget vart etablert på 1950-talet for å dekke behova til tidlegare Værnes flystasjon. Prosjektet skal modernisere og tilpasse eksisterande infrastruktur, samt etablere ny infrastruktur i garnisonen i samsvar med behov for utbygging, samt krav i lov og forskrift. Prosjektet skal mellom anna sikre forsyningsstryggleik for vatn og elektriske anlegg. Store delar av fjernvarmenettet er i dårleg stand og treng modernisering. Prosjektet er planlagt å stå ferdig innan utgangen av 2024.

Tilrådd kostnadsramme for prosjektet er 283 mill. kroner medrekna meirverdiavgift, gjennomføringskostnadar og ei avsetjing for

uvisse. Prosjektet si styringsramme er sett til 243 mill. kroner medrekna meirverdiavgift og kostnadar til gjennomføring. Alle utgifter vert knytt til budsjettkapittel 1710, post 47.

3 Omfangsendring av pågåande prosjekt for godkjenning

3.1 Prosjekt 5007 – Artilleri-lokaliseringsradar

Prosjektet vart vedteke ved Stortinget si handsaming av Innst. 339 S (2019–2020) til Prop. 78 S (2019–2020). Prosjektet skal anskaffe fem artilleri-lokaliseringsradarar med tilhøyrande pansra køyretø, logistikk og materiell for utdanning. Levering er planlagt innan utgangen av 2024. Kontrakten er inngått og anskaffinga vert gjennomført i eit materiellsamarbeid med Nederland.

Artillerilokaliseringsradarane skal integrerast med Hæren sitt nye artillerisystem. Radarane gir Hæren kapasitet til å lokalisere skytande fiendtelege våpensystem hurtig og nøyaktig.

Ved Stortinget si handsaming av Innst. 87 S (2020–2021) til Prop. 14 S (2020–2021) vart det vedteke å styrke Hæren. Dette inkluderer og tilførsel av ytterlegare radarar til Artilleribataljonen i Brigade Nord. Tilleggsanskaffinga vil bli gjort gjennom utløysing av ein opsjon som allereie ligg i den tidlegare inngåtte kontrakten. Det skal anskaffast inntil tre nye radarar.

Ved inngåing av kontrakten måtte leverandøren forplikte seg til industrielt samarbeid med Noreg. Forpliktinga vil bli auka tilsvarende verdien på opsjonen som vert utløyst.

Kostnadsramma for prosjektet vert foreslått auka med 646 mill. kroner til 2 218 mill. kroner inkludert ei avsetjing for uvisse, gjennomføringskostnadar og meirverdiavgift. Alle utgifter til investeringa vert knytt til budsjettkapittel 1760, post 45, medan gjennomføringskostnadene vert knytt til kapittel 1760, post 01.

3.2 Prosjekt 5447 – Artillerisystem 155 mm

Prosjektet vart vedteke ved Stortinget si handsaming av Innst. 83 S (2017–2018) til Prop. 12 S (2017–2018). Prosjektet skal anskaffe 24 artilleriskyts med tilhøyrande ammunisjonskøyretøy, ammunisjon, samt materiell til utdanning og logistikk. Leveransar av K9 artillerisystema starta ultimo 2019 og vart fullført i 2020. Resterande leveranse av ammunisjon er planlagt fullført i 2025.

Det nye systemet erstattar artillerisystem av typen M109G som vart anskaffa på slutten av 1960-talet. Det nye systemet vil ha evne til å levere eldstøtte på avstandar over 40 km på ein effektiv og trygg måte.

Ved Stortinget si handsaming av Innst. 87 S (2020–2021) til Prop. 14 S (2020–2021) vart det mellom anna vedteke å styrke Hæren. Dette inkluderer òg tilførsel av ytterlegare skyts og ammunisjonshandteringskøyretøy til Artilleribataljonen i Brigade Nord. Tilleggsanskaffinga vil bli gjort gjennom utløysing av ein opsjon som allereie ligg i den tidlegare inngåtte kontrakten. Talet på einingar som vert anskaffa avheng av komande forhandlingar om pris. Leveransane er planlagt frå 2024 til 2026.

Ved inngåing av kontrakten måtte leverandøren forplikte seg til industrielt samarbeid med Noreg. Forpliktinga vil bli auka tilsvarende verdien på opsjonen som vert utløyst.

Kostnadsramma for prosjektet vert foreslått auka med 1 008 mill. kroner til 4 726 mill. kroner inkludert ei avsetjing for uvisse, gjennomføringskostnader og meirverdiavgift. Alle utgifter til investeringa vert knytt til budsjettkapittel 1760, post 45, medan gjennomføringskostnadene vert knytt til kapittel 1760, post 01.

4 Informasjonssaker

4.1 Informasjonssak om beredskap for sikring av oppsetjingsstadene til Heimevernet (HV)

Den tryggingspolitiske utviklinga både internasjonalt og i våre nærrområde, samt utviklinga av teknologi som opnar opp for krigføring i nye domene, tilseier stadig skjerp krav til beredskap i forsvarssektoren. Særleg er høg reaksjonsevne og korte klartider sentralt. Dette inneber mellom anna at det vil vera behov for hurtig lokal respons for å sikra vitale objekt og nøkkelinfrastruktur. Denne responsen er det primært HV som skal ivareta. For å evne dette må HV setje opp styrker med kort reaksjonstid lokalt. Slike oppsetjingsstader har innleiingsvis behov for sikring, slik at oppsetjinga i tilstrekkeleg grad kan skjermast frå ein motstandar sin påverknad. Om oppsetjinga av styrkene ikkje lukkast, inkludert utdeling av våpen, ammunisjon og materiell, vil evna til å

løyse dei militære oppdraga vera vesentleg svekka. Slik sikring av eiga oppsetjing vert ivare tatt ved at eit avgrensa tal særleg kvalifiserte og sertifiserte mannskaper lagrar komplette våpen og ammunisjon i eigen bustad. Ordninga vil omfatta eit lite mindretall av styrkene i HV. Det vil stillast strenge krav til tryggleiken, som krav om oppbevaring i godkjent våpenskap, jamlege kontrollar og særskilt seleksjon av personellet. Ordninga medfører kun mindre forvaltningskostnader. Desse vil dekkast innanfor rammene som allereie er gitt til Forsvaret. Ordninga er i første omgang iverksett i avgrensa grad for utvalde sikringsstyrker i HV. Ei slik ordning kan også vera aktuell for andre avdelingar i Forsvaret med særskilte behov knytt til beredskap.

4.2 Informasjonssak om NH90 og mogleg leige av helikopter.

Det har over tid vore alvorlege forseinkingar og ei rekkje andre utfordringar knytt til anskaffinga og innføringa av NH90 maritime helikopter. Konsekvensen er at Forsvaret ikkje har fått den operative kapasiteten ut av helikoptra som det er behov for. I følgje Forsvaret er det usikkert om ambisjonen om initiell operativ evne på fregatt og kystvakt innan 2023 vil nås. Regjeringa har difor sett i gong ei heilskapleg vurdering av Forsvaret sin maritime helikopterkapasitet. Gjennomgangen av den maritime helikopterkapasiteten skal vurdere ulike alternativ for å få på plass ei forsvarleg løysing for framtida. Operative forhold, økonomi, forvaltning, kompetanse, personell, samt juridiske forhold vert vurdert. Konklusjonane vil vera grunnlag for ei avgjerd om vegen vidare for NH90.

I tillegg har Forsvaret nyleg utarbeidd ei vurdering om mogleg leige av sivil helikopterkapasitet som eit supplement til NH90. Det er gjennomført undersøkingar i marknaden for å få avklart om det er aktørar som kan tilby løysningar som dekkjer deler av behovet til Kystvakta for helikopterkapasitet. Vurderinga syner at det er mogleg å leige sivile helikopter, men at oppgåvene ein leigd sivil helikopterkapasitet kan løyse vil vera avgrensa samanlikna med ein militær kapasitet. Funna frå vurderinga av mogeleg leige vil vera ein del av den heilskapelege vurderinga av den maritime helikopterkapasiteten.

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om investeringar i Forsvaret og andre saker.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bede om å gjera vedtak om investeringar i Forsvaret i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om investeringar i Forsvaret

I

Investeringsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Forsvarsdepartementet i 2022 kan:

1. Starte opp følgjande nye investeringsprosjekt:

Prosjekt	Kostnadsramme
Porsangmoen – eigedom, bygg og anlegg for materiell	363 mill. kroner
Værnes – Infrastruktur	283 mill. kroner

2. Endre følgjande investeringsprosjekt:

Prosjekt	Kostnadsramme
P 5007 Artillerilokaliseringssadar	2 218 mill. kroner
P 5447 Artillerisystem 155 mm.	4 726 mill. kroner

II

Forsvarsdepartementet får fullmakt til å justere kostnadsrammene i takt med prisstigninga og som følge av endringar i valutakursane.